

NotatDato: 04.04.2018
Arkivsak: 2018/368-5
Saksbehandlar: chaespe

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen skuleåret 2018-2019**Innleiing**

Elevlar i grunnskulen og vidaregåande opplæring får kvart år oppleve profesjonell kunst- og kultur i skuletida gjennom Hordaland fylkeskommune (HFK) sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen. Programmet omfattar scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, musikk, kulturarv og kunststartar i samspel, og formidlinga skjer på skulen, på bokbåten Epos, eller på kunst- og kulturarenaer rundt i fylket. Kunst- og kulturformidlinga i skulane er basert på spelemidlar til Den kulturelle skulesekken og samarbeidsavtale med Kulturtanken, i tillegg til fylkeskommunale midlar.

Hovudmålsettinga med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulane er at alle elevlar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

Samansetting av program

HFK legg faglege og praktiske vurderingar til grunn for samansettinga av kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Det er faggruppe på kvart felt i programmet, med interne representantar og representantar frå kunst- og kulturlivet i fylket. Vidare er det eit overordna fagleg råd med representantar frå faggruppene, Høgskulen på Vestlandet, skulen og HFK ved Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga. I tillegg er det eit ungdomsprogramråd med representantar frå Ungdommens fylkesutval.

Alle innkomen forslag vert vurderte av faggruppene, som gjer sine tilrådingar til programmet. Ungdomsprogramrådet vel ut to av dei tilrådde produksjonane, ein til grunnskulen og ein til vidaregåande opplæring. – Dei to produksjonane går direkte inn i programmet, under namnet Ungdommens val. HFK arbeider deretter fram forslag til endeleg program med bakgrunn i faggruppene sine prioriteringar og med omsyn til kva skulane har hatt tidlegare og variasjon i uttrykk, formidling og arena. Alle uttrykk er med i programmet, og vi ønskjer over tid variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar for kvar elev. Det faglege rådet definerer særskilde satsingar og fattar endeleg avgjerd om innhaldet i programmet.

Følgjande kriterium ligg til grunn for programmet:

- a) Forslagsstillar skal ha levert fullstendig søknad innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og genremessig breidd, spelestad og formidlingsmåte.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen sin undervisning i estetiske fag.
- f) Musikkproduksjonar til grunnskulen skal samsvare med særskilde behov som kjem fram av utlysinga. (Varierer frå år til år.)
- g) Det skal vera eit særskild fokus på regionale og lokale utøvarar, og nyskapande kunst skal prioriterast.
- h) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.

Skuleåret 2018-2019

Frist for å kome med forslag til innhald i programmet for skuleåret 2018-2019 var 1. oktober 2017. Innan fristen kom det forslag om rundt 270 produksjonar. Fagleg råd vedtok 13. mars å ta 61 av desse inn i programmet, i tillegg til 5 musikkproduksjonar som vert vidareført frå tidlegare.

Programmet er sett saman med bakgrunn i faggruppene sine prioriteringar, ungdommens val, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, og med omsyn til økonomi og variasjon. Produksjonane er valt under føresetnad av at HFK og utøvar/ institusjon etc. blir samde om mellom anna omfang og økonomi.

Følgjande vart vedtatt av fagleg råd:

Sjanger/ saksnr.	Dok.nr.	Namn på verksemda/ utøvar	Namn på produksjon	Målgruppe	Har vore ute tidlegare	Innstilling
Film 2017/14976	10	Blue Eyes Film, v/ Olaug Spissøy Kyvik	Filmtalenter	5.-7.	x	Ja
Film 2017/14976	15	SVANHILD UTNE	En reise gjennom filmhistorien	5.-7.	x	Ja
Film 2017/14976	9	JAB FILM, v/ Jenny Andersen	Ambulance	8.-10.		Ja
Film 2017/14976	2	FJORDGLAMOUR FILM, v/Merethe Offerdal Tveit	Kunsten å klippe ein kortfilm	8.-10.	x	Ja
Film 2017/14976	12	ALTERMARK TEATER, v/ Andreas Altermark	Filmhjelp.no	8.-10.	x	Ja
Film 2017/14976	1	Bergen internasjonale filmfestival	Dokumentarfilmer i videregående skoler i Hordaland	vgs.	x	Ungdommens val Lokal Biff
Film 2017/14976	5	TEN THOUSAND IMAGES AS, v/ Mette Cheng Munthe-Kaas	Nowhere to hide	vgs.		Ja
Kulturarv 2017/14977	1	Morten Kutschera	Ei reise til steinalderen	5.-7.	x	Ja
Kulturarv 2017/14977	4	FORTELJAR ANNE ELISEBETH SKOGEN	Sjukepleiar offshore	8.-10.	x	Ja
Kulturarv 2017/14977	12	SMEDHOLMEN AS, v/ Julie Odland Skare	Tokt med Seladon	vgs.		Ja
Kunstartar i samspel 2017/14978	23	Trude Tjensvold	Bo flyttar ut/Visuell historiefortelling	1.-4.		Ja
Kunstartar i samspel 2017/14978	17	BELSVIK INGER LISE	Under ein stein (undertittel: Les og lær om kryp og krek - og lag eit sjølv!)	1.-4.		Ja
Kunstartar i samspel 2017/14978	11	HELGA ERIKSEN, v/ Anette Thorsheim	VI BYGGER OM	1.-4.		Ja
Kunstartar i samspel 2017/14978	7	KARL SEGLEM	KVERVEL (jazz&poesi)	vgs.		Ja
Litteratur 2017/14979	16	RANDI FUGLEHAUG	PAPELINA – ei annleis forteljing om flukt	1.-4.		Ja
Litteratur 2017/14979	21	BJØRN OUSLAND ILLUSTRASJON	Skumle barnestreker	1.-4.		Ja

Litteratur 2017/14979	12	Line Baugstø	Kaja og Stine følger et spor	1.-4.		Ja
Litteratur 2017/14979	31	Vegard Markhus	Ei kjedeleg bok	1.-4.		Ja
Litteratur 2017/14979	23	Linde Hagerup	En bror for mye	5.-7.		Ja
Litteratur 2017/14979	25	Bjørn Ingvaldsen	Far din er en tyv	5.-7.		Ja
Litteratur 2017/14979	32	TED M GRANLUND	Poesibilen	5.-7.		Ja
Litteratur 2017/14979	1	SUNNES SKRIVERI	Mektige jenter	5.-7.		Ja
Litteratur 2017/14979	8	Alexander Løken	DE DØDE SER DEG – I overvåkingens tidsalder	8.-10.		Ja
Litteratur 2017/14979	3	TOTLAND MEDIA	Dei vonde tekstane	8.-10.		Ja
Litteratur 2017/14979	27	Renate Nedregård	DIN TUR	8.-10.		Ja
Litteratur 2017/14979	11	Fjeldberg barnelitteratur & kritikk	Anmelderverksted: Kunsten å slakte en bok	8.-10.		Ja
Litteratur 2017/14979	29	Sivert Nesbø	Staden i skrift og skrivning	vgs.		Ja
Litteratur 2017/14979	38	Sunniva Relling Berg	Å utforske verda med ord	vgs.	x	Ja
Litteratur 2017/14979	27	Renate Nedregård	DIN TUR	vgs.		Ja
Musikk 2017/14980	5	Christine Sandtov	Stjerneteller	1.-7.		Ja
Musikk 2017/14980	35	BODIL LUNDE RØRTVEIT	Augneblinksmusikk	1.-7.		Ja (må produserast)
Musikk 2017/14980	24	Helen Eriksen	UNIVERS AV KLANG (arbeidstittel)	1.-7.		Ja
Musikk 2017/14980	20	Heidi Marie Vestrheim	Hei Kalals!	1.-7.	x	Ungdommens val
Musikk 2017/14980	23	Nils Are Drønen	Ornette for Ungene	1.-7.		Ja
Musikk		Kristian Muldes, Ole Morten Velde, Knut Christian Jansson	Carmen og kameratene	1.-7.	x	Ja
Musikk		Werner Bryn, David Bryn, Ole Petter Knarvik, Christoffer Cardoso	Barch goes hip hop	1.-7.	x	Ja
Musikk 2017/14980	32	PER OLAV KOBBERSTAD	Gabriela og Per - Et lite stykke Brasil	8.-10.		Ja (må produserast)
Musikk 2017/14980	7	ALL ICE AS	Ismusikk	8.-10.	x	Ja
Musikk 2017/14980	40	MUSIC ARTIST DRAMA ENTERTAINMENT AS, v/ Aleks Wilhelmssen	Miss Tati	8.-10.	x	Ja
Musikk		Mari Kvien Brunvoll, Åsmund Weltzien, Øyvind Hegg-Lunde, Simone Hooymans	Building Instruments	8.-10.	x	Ja
Musikk		Elin Hestenes, Kristine Bjånes, Guro Dugstad, Mari Lyssand	Total vokal	8.-10.	x	Ja
Musikk		«Edvard Grieg sin Peer Gynt – ei konsertframsyning»	KODE, Edvard Grieg Museum Troidhaugen	8.-10.	x	Ja
Musikk 2017/14980	3	Anne Gravir Klykken	KLYKKEN TRIO	vgs.		Ja
Musikk 2017/14980	43	MUSIC ARTIST DRAMA ENTERTAINMENT AS, v/ Aleks Wilhelmssen	Razika	vgs.		Ja
Scenekunst 2017/14981	31	Katja Brita Lindeberg	Om bare Lyseblå kunne bli superhelt	1.-4.		Ja
Scenekunst 2017/14981	46	RIMFROST TEATERENSEMBLE SA	Tobias og dagen det smalt	1.-4.		Ja
Scenekunst 2017/14981	90	YVA, v/ Sturla Alvsvåg	Nesen	5.-7.		Ja
Scenekunst 2017/14981	22	Teater Joker	BRUNE	5.-7.		Ja
Scenekunst	68	The Krumple	Do Not Feed the Trolls	8.-10.		Ja

2017/14981						
Scenekunst 2017/14981	97	FJØRTOFT KULTURPRODUKSJONER AS	Tracks	8.-10.		Ja
Scenekunst 2017/14981	53	MYGLADIATOR ARILD BRAKSTAD	Det Sorte Gullet	vgs.	x	Ja
Scenekunst 2017/14981	38	HORDALAND TEATER LL	HEIM	vgs.		Ja
Scenekunst 2017/14981	49	STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE	2 danseforestillinger fra Oktoberdans-programmet: 1. Anne-Linn Akselsens NOR / 2. Daina Ashbee CAN	vgs.		Ja
Visuell kunst 2017/14982	4	KUNSTPILOTENE Annette L Marandon	Natur LAB - lek, lag og utforsk kunst i natur	1.-4.		Ja
Visuell kunst 2017/14982	22	Eva Elisabeth Hauge Ljosvoll	Å sette bilder på ordene	1.-4.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	14	Foreningen Ubåt Press, v/ Dino Dikic	If you can ink it, you can print it!	5.-7.		Ja
Visuell kunst 2017/14982	7	ESPENART.COM ESPEN TERJESEN	Et annerledes tegneseriekurs	5.-7.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	8	Thomas Winje Øijord	Et blikk på hverandre	5.-7.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	9	Fotograf Øyvind Hjelman	Eit magisk møte med lyset	5.-7.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	2	Foreningen Trykkeriet	Tracing - Vi tegner og trykker portrett av medelever som blir klassebok og utstilling!	8.-10.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	13	Kjersti Sletteland	Prospekt	8.-10.		Ja
Visuell kunst 2017/14982	23	BERGEN ZINES, v/Ann-Kristin Stølan	Vi lager fanzine!	vgs.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	21	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	Selvportrett. Hvem er jeg?- et sammensatt bilde i glass.	vgs.	x	Ja
Visuell kunst 2017/14982	18	Geir Moen Illustrasjon	Peer Gynt Tegneserieroman	vgs.		Ja
Musikk 2017/14980	29	Sofia Kortelainen	Sofia og Eliana fra Klangveien	Bokbåten		Ja
Litteratur 2017/14979	37	Forteller Marianne Stenerud	Gudespor - fortellerkunst, undring og filosofi	Bokbåten		Ja

Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe, vert nye produksjonar vurdert med bakgrunn i prioriteringar frå faggruppene.

Vedlagt er søylediagram over fordelinga til grunnskulen for skuleåra 2015-2016, 2016-2017 og 2017-2018. Vedlagt er også kakediagram over fordelinga til grunnskulen for skuleåra 2016-2017, 2017-2018 og 2018-2019.

Endring

Etter at vedtaket i fagleg råd var gjort, vart produksjonen «Heim» frå Hordaland Teater erstatta med «Angel»/»Engelen frå Kobane», etter teaterets ønske. Grunngevinga var at det er høge produksjonskostnadar med «Heim», stor etterspurnad etter billetter, og at den ikkje er lagt opp som skuleturne og skal spelast på fast scene.